




**Trivsel og læring
hand i hand!**



Bømlo vgs.
Vestland fylkeskommune





Velkommen til Bømlo vidaregåande skule!

Bømlo vgs. er ein moderne og framtidsretta skule med eit variert fagtilbod. Me tilbyr studiespesialisering og ulike yrkesfaglege utdanningsprogram. I tillegg tilbyr me Vg3 Påbygg til generell studiekompetanse. Bømlo vgs. er skulen som set trivsel og læring i høgsetet.

Slagordet vårt er: Trivsel og læring hand i hand!

Me er ein skule med ca. 400 elevar. Det er ein tett og god relasjon mellom elevar og tilsette. Me har eit godt skulemiljø der det er lett å bli kjent med kvarandre.

Beste helsing frå rektor Tor Inge Karlstad



Innhald

- Side 4: Naturbruk
- Side 6: Studiespesialisering
- Side 8: Helse- og oppvekstfag
- Side 10: Teknologi- og industrifag
- Side 12: Elektro og datateknologi
- Side 14: Påbygg til generell studiekompetanse

To lokasjonar – ein skule

I 2022 vart Rubbestadnes vgs. og Bømlo vgs. slått saman.

Bømlo vidaregåande skule er difor plassert på to lokasjonar. Den eine ligg på Leite, nær Svortland sentrum, medan den andre er plassert på Rubbestadneset. Elevane på Rubbestadneset har ein dag i veka med fellesfag på Leite. Sjølv om elevane er delt på ulike lokasjonar, legg me vekt på at alle skal bli kjent med kvarandre og ha eit felles miljø.

Skulebygget på Leite er hovudbase for utdanningsprogramma Helse- og oppvekstfag, Studiespesialisering og Påbygg til generell studiekompetanse. Bygget er plassert i eit fint miljø med barneskule, ungdomsskule og idrettsanlegg like ved.

Ved skulen finst det flotte turterreng.

Kunnskapssmia på Rubbestadneset er hovudbase for Elektro- og datateknologi, Naturbruk, industriteknologi, maritime fag og akvakultur, automasjon og Teknologi- og industrifag.

Eit godt samarbeid med næringslivet byggjer framtida på Bømlo

Bømlo vgs. har eit tett samarbeid med næringslivet på alle programområda. Samarbeidet er viktig for begge parter. Det skaper ei kortare veg mellom utdanning og arbeidsliv, og gjer det lettare for ungdom å sjå moglegheitene som finst lokalt.

Gjennom praksisplassar, fagleg støtte og tett dialog, sikrar me at viktig kunnskap blir ført vidare – og utvikla vidare. Samstundes gir samarbeidet ungdom konkrete jobbutsikter og ein god grunn til å bli buande i kommunen. Dette er en vinn-vinn-situasjon for næringslivet, skulen og lokalsamfunnet.

Bømlo vgs. har eit tett samarbeid med næringslivet på alle programområda.

Studietilboda våre:

- Elektro og datateknologi
- Helse- og oppvekstfag
- Naturbruk
- Studiespesialisering
- Teknologi- og industrifag
- Påbygg til generell studiekompetanse



Leite



Rubbestadneset

Naturbruk

Noreg er ein leiande nasjon innanfor naturbruk og akvakultur. Du kan få drøymejobben på dei mest moderne produksjonsanlegga som finst!

Naturbruk er faget for deg som er interessert i natur og miljø, dyr og menneske. Du går 1–2 år på skule før du kan søkje læreplass i bedrift. Du kan også gå vidare på vg3 og ta yrkeskompetanse. Dersom du vil studere vidare på universitet eller høgskule kan du ta Påbygg til generell studiekompetanse før eller etter læretida.

Me tilbyr:

- Vg1 – naturbruk
- Vg2 – akvakultur

Du kan for eksempel bli:

fagarbeidar i akvakultur med
jobbmoglegheiter på oppdretts-
anlegg og mat- og settefiskanlegg





Praktisk læring i eit moderne havbruksmiljø

Hos Bremnes Seashore får du prøve deg i ei av Noregs mest moderne sjømatbedrifter. Her kan du bli med på føring og røktng av laks, sjå korleis ting fungerer på matfiskanlegg, eller få innsikt i prosess og kvalitetskontroll på land. Du lærer av dei som jobbar der – og kanskje får du smaken på ein framtidsjobb innan havbruk.



Bli med oss!

Ekte arbeidsglede


Gjennom fokus på fiskevelferd og kontinuerleg satsing på innovasjon i alle ledd i produksjonsprosessen, har Bremnes Seashore gått i bresjen for å heve kvaliteten på norsk oppdrettslaks. Resultatet er lakseprodukt som er etterspurde over heile verda. For å halda oss i tet treng me engasjerte og dyktige medarbeidarar. Me tar hand om heile verdikjeda og har difor behov for flinke folk på alle stadium i produksjonsprosessen.

Tlf: +47 53 42 82 00

E-post: bremnes@seashore.no

Les meir om oss på www.seashore.no






Studiespesialisering

**Har du allereie bestemt deg for å ta høgare utdanning?
Eller har du enno ikkje funne ut kva du vil satsa på?**

**Vel du studiespesialisering held du moglegheitene opne
og sikrar deg kompetansen og modninga du treng
for å kunne studera vidare.**



Studiespesialisering er for deg som er interessert i teoretiske fag og ønskjer å studere ved universitet eller høgskule seinare. Utdanninga er treårig og fører fram til generell studiekompetanse. Du kan òg velje fag som gir spesiell studiekompetanse.

Som elev på studiespesialisering på Bømlo vgs. får du ein aktiv, variert og spennande skulekvardag. I tillegg til fellesfaga, kan du velja mellom ei rekkje programfag. Me tilbyr både realfag, språkfag, samfunnsfag og idrettsfag. Gjennom skuleåret har me fleire ekskursjonar og temadagar.

Me tilbyr:

- Vg1 Studiespesialisering
- Vg2 Studiespesialisering
- Vg3 Studiespesialisering

Du kan for eksempel bli:

- | | |
|---------------|---------------|
| • sjukepleiar | • økonom |
| • lege | • sosionom |
| • advokat | • aksjemeklar |
| • arkeolog | • journalist |
| • lærar | • politi |
| • ingeniør | • veterinær |




Entreprenørskap og bedriftsutvikling 1 og 2

Programfaget for deg som vil lære meir om å starte eiga bedrift og for deg som ønskjer erfaring med nyskaping og samarbeid.

I Entreprenørskap 1 brukar me Ungdomsbedrift som metode. Elevane skal i løpet av skuleåret etablere, drive og avvikle eigne bedrifter. Her jobbar dei saman med ein mentor frå næringslivet og lærer mykje innan fagområda innovasjon, økonomi, marknadsføring, og berekraft. Dei er òg med og konkurrerer med andre ungdomsbedrifter på fylkes- og landsnivå.

I Entreprenørskap 2 jobbar me meir med «casestudies», der elevane samarbeider om å løyse reelle utfordringar frå næringslivet. I faget lærer dei om økonomi, marknadsføring, berekraft, leiging, internasjonal forretningskultur og mykje meir. Faget blir gjort praktisk ved at me går på bedriftsbesøk og inviterer gjesteforelesarar frå næringslivet.

Me deltek i Elevbedrifts-konkurranser





Helse- og oppvekstfag

Det er mange i samfunnet vårt som treng hjelp og omsorg. Er du glad i å ta vare på andre, og vil du ha eit yrke der ingen dagar er like?

Helse- og oppvekstfag er faget for deg som er omsorgsfull og likar å samhandle med andre. Du går 2–3 år på skule før du kan søkje lære-plass i bedrift. Dersom du vil studere vidare på universitet eller høgskule kan du ta Påbygg til generell studiekompetanse før eller etter læretida.

På Bømlo vgs. har me eit godt samarbeid med bedrifter, kommunar og helseføretak i distriktet. Du får yrkespraksis ute i bedrift i periodar, noko som gir deg erfaring og eit godt grunnlag for fagleg utvikling.

Du kan for eksempel bli:

- barne- og ungdomsarbeidar
- helsefagarbeidar
- ambulansesjåfør
- apotekteknikar
- hudpleiar
- tannhelsesekretær
- portør

Me tilbyr:

- Vg1 Helse- og oppvekstfag
- Vg2 barne- og ungdomsarbeidar
- Vg2 helsearbeidarfag

Teknologi- og industrifag

Vil du jobbe med maskinar, produksjon, automatisering og programmering av robotar, eller vil du ha ein karriere til sjøs?

TIF er det største yrkesfaglege programområdet og opnar for mange spennande jobbar i lokale eller nasjonale bedrifter.

Teknologi- og industrifag er faget for deg som er praktisk anlagt og har interesse for mekaniske fag og automatiserte system. Du går 2–3 år på skule før du kan søkje læreplass i bedrift. Dersom du vil studere vidare på universitet eller høgskule kan du ta Påbygg til generell studiekompetanse før eller etter læretida.

Elevane i maritime fag nyt godt av nært samarbeid med dei maritime opplæringskontora. Representantar for Maritimt opplæringskontor i Haugesund og Austevoll opplæringskontor vitjar skulen fleire gonger i skuleåret og gir råd til dei kommande lærlingane.



Du kan for eksempel bli:

- industrimekanikar
- industrimontør
- sveisar
- matros eller motormann
- bilmekanikar
- brønnmekanikar
(retta mot petroleumsindustrien)

Me tilbyr:

- Vg1 Teknologi- og industrifag
- Vg2 industriteknologi
- Vg2 maritime fag
- Vg2 automatisering (kryssløp)



**Et komplett
skipsserviceselskap på
Rubbestadneset med
egen maskineringspark**

www.los-gruppen.no/selskap/los-marine



Elektro og datateknologi

Nesten alt me omgjev oss med til dagleg er avhengig av straum for å fungere. Har du lyst til å jobbe med straumforsyning og elektroniske system til bustadar, industri, fly, skip, tog og køyretøy?

Elektro og datateknologi er faget for deg som er praktisk anlagt og nysgjerrig på elektrisk utstyr og elektroniske system.

Her lærer du om installasjon og vedlikehald av elektroniske system. Du går 2–3 år på skule før du kan søkje læreplass i bedrift. Dersom du vil studere vidare på universitet eller høgskule kan du ta Påbygg til generell studiekompetanse før eller etter læretida.

Me tilbyr:

- Vg1 Elektro og datateknologi
- Vg2 elenergi og ekom
- Vg2 automatisering
- Vg3 Automatiseringsfaget



teca

Vi tilbyr læreplasser innen **elektro, telekom, rørleggerfaget/VVS.**

Hos oss får du praktisk erfaring, gode mentorer og en spennende start på karrieren.

+47 53 40 99 00 karriere@teca.no teca.no




LOS Elektro levere elektro installasjon og automasjonsanlegg til ditt prosjekt.

Service – Rehabilitering – Bolig – Prosjekt – Oppdrett

Ta kontakt med våre dyktige medarbeidere www.los-elektro.no





Du kan for eksempel bli:

- elektriker
- elektroreparatør
- energioperator
- energimontør
- tavle-, signal- eller heismontør
- avioniker eller flymekaniker
- romteknolog
- data- eller produksjonselektroniker
- automatiker
- FU-operator
(fjernstyrte undervassoperasjoner)
- kulde- og varmepumpemontør

SIEMENS energy

- EN ARBEIDSPASS
MED VERDENSLEDENDE
TEKNOLOGI INNEN
BLANT ANNET TRYKK,
TEMPERATUR OG
VIBRASJONSMÅLINGER
I INSTALLASJONER
PÅ HAVBUNNEN



Påbygg til generell studiekompetanse

Med eit påbyggingsår kan du sikre deg kompetansen du treng for å studere på høgskule eller universitet.

Har du gått på yrkesfag og ønskjer å ta høgare utdanning, kan du ta Påbygging til generell studiekompetanse. Du kan søkje både før og etter læretida. Utdanninga fører fram til generell studiekompetanse.

På Bømlo vgs. får du ein aktiv og spennande skulekvardag. I tillegg til fellesfaga norsk, matematikk, naturfag, historie og kroppsøving kan du velja mellom ei rekkje ulike programfag.

Gjennom skuleåret kan du delta på ekskursjonar og temadagar.



Me tilbyr:

Vg3 Påbygg til generell studiekompetanse



Fagbrev:

Det næraste du kjem ein life-hack.
www.vegenvidare.no



FINNÅS
KRAFTLAG

Me e' der når nåke skjer!

www.finnas-kraftlag.no



Matre Maskin AS is a major supplier of deck integrated fire fighting systems (DIFFS), foam proportioners and special fire nozzles.

www.matre.no






Trivsel og læring
hand i hand!

Bømlo vgs. Rubbestadneset ligger vegg i vegg med næringslivet og har kort veg til praktisk læring.



Bygg fremtiden din med maritim industri teknologi

Wärtsilä tilbyr to års spennende og
varierte læretid med tett oppfølging
og egen mentor





Bømlo vgs. Vestland fylkeskommune

Lokasjon Leite: Leitedåvane 8. 5445 Bremnes

Lokasjon Rubbestadneset: Austbøvegen 16, 5420 Rubbestadneset

Postadresse: Postboks 163, 5445 Bremnes

Telefon: 53 42 38 00



**Søknadsfrist
1. mars**



**Les meir på:
vilbli.no**

